

Desse møtte
Björg Ladehaug
Ellinor Kvalstad
Hildur Hafstad Smådal
Aslaug Vårdal Igelkjøn
Egil Nestande
Monrad Kolstad
Arne Sandnes

Referat frå styremøtet i Seniornett Førde, 03.11.22

Sak 24/2022: Juleavslutning? Tid, sted, mat, underhaldning. Kven gjer kva?

Frå møtet: Diskusjon om tidspunkt, servering og betaling. Johan Bengtson vart henta inn på møtet, og høveleg tidspunkt vart avtala.

Vedtak: Juleavslutning i Festsalen 01.12.22, kl. 14.00 – 16.00 (etter avslutta underv.)

Bet. for servering. Kr. 150,-. Leiar tok på seg å fastsette menyen: Suppe, m. kaffi og kake.

Program: Ein slags parvis datakonkurranse.

Sak 25/2022: Monrad foreslår dagar med «datakafé». Korleis kan vi få til det?

Forslag til «Data-kafe» er lagt inn i «Haustprogrammet», med aktuell dato 17. november, Monrad Kolstad har hatt kontakt med Joop Cuppen, tidlegare deltakar i styret i seniornett Norge. Han har fått prosjektmidlar til eit dataprojekt som er todelt:

1. Trygg på nett (mobil, passord, antivirus/ alle farer på nettet) Personvern på nett.
2. Digital ALF- kva skjer med alle dei digitale einingane du har?

Dette kan arrangerast på ein dag med tema 1 før lunsj , og tema 2 etter lunsj.

Kolstad foreslår dette på ein «datakafe», helst i nov. Etter samtale med Cuppen var han oppteken fram til nyttår.

Vedtak: Datakafe m. Joob Cuppen 26.01.23. Monrad Kolstad og Egil Nestande er ansvarlege for denne dagen

Sak 26/2022: Monrads PC kræsja. Han spør om vi kan subsidiere nykjøp.

Leiar la fram kopi av utbetaling til subsidiering av ny datamaskin til Kolstad, datert 15.12.20 på kr. 12 500. Kolstad sa at han ikkje kjøpte ny datamaskin då, men reparerte den gamle. Han la til at kr. 5000 av summen var godtgjersle for arbeid som instruktør på seniornett. Den reelle støtta til datamaskin vart då kr.7500,-. Kolstad, Nestande og Sandnes forlet møtet før styret gjorde vedtak i saka.

Vedtak: Kolstad får kr. 2000,- til subsidiering av ny datamaskin frå Seniornett Førde.

Sak 27/2022: Eventuelt

Datering for avslutning til jul, oppstart etter nyttår og årsmøte 2023:

Siste dagar før jul: 8. og 9. 12.22

Oppstart etter nyttår: 12. og 13. 01. 23

Årsmøte: 10. 03.23, i musikkrommet, Førdehuset

Aslaug Vårdal Igelkjøn – refr.-